



Adolf Hovgaard

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/778 - 18/10924

Saksbehandlar:  
Kathrine Straumøy Brakstad  
kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

23.05.2018

## Referat frå kontaktmøte 16.05.2018

Til stades:

Fagforbundet	Anita Dale
Norsk sykepleierforbund	Kristine Hordvik
Juristforbundet	Erik K. Johannesen
Naturviterne	Berit M. Eskeland
Den norske jordmorforening	Lisbeth Ø. Austgulen
Norsk Fysioterapeutforbund	Hilde Sæbdal
Utdanningsforbundet	Adolf Hovgaard
Den norske legeförening	Grete Wold

Rådmann	Martin W. Kulild
Personal- og organisasjonssjef	Kari Anne Iversen
Organisasjonsrådgjevar	Guro Osnes

I møte:

### 1) **Bemanningsnorm i barnehage/skule**

Fagforbundet stilte spørsmål om den nye bemanningsnormen har innverknad på stillingane til assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar i skule og barnehage. Arbeidsgjevar informerte om at det ikkje har nokon konsekvens for dei tilsette i Marihøna, og er ikkje kjent med noko i skulen.

### 2) **Alver kommune**

Rådmannen orienterte om følgjande saker:

- Alver kommune får 55 millionar i tilskot. IKT og arkiv krev mykje. Det er fleire områder som treng store ressursar, prosjektet DigiAlver skal utgreie dette.

Organisasjonane stilte spørsmål om korleis stemninga er i Fellesnemnda. Rådmannen er tydeleg på at det er Fellenemnda som bestemmer og vi må følgje avgjerdene som vert tatt. Det tilskotet ikkje dekkjer må ein nytte kommunale midlar til.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- 3 traineer er tilsett i Programkontoret. 2 har allereie starta, og den siste startar i august. Dei skal vere med å løyse ein del av kapasitetsproblema som oppstår i dagens kommunar.
- Informasjonsmøte med HTV 23/5, sjå eigen innkalling.
- Prosessen med utveljing av leiarnivå 2 er godt i gang, og programleiinga skal ta avgjerd innan 2 veker om eigne tilsette vert nytta, eller om det vert ekstern utlysing. Prosessen rundt HR er ikkje starta, og det er beslutta at leiar for næring skal rekrutterast eksternt. Utdanningsforbundet stilte spørsmål om kvifor dei tillitsvalde ikkje er involvert. Rådmannen informerte om at det er dei, gjennom koordinerande hovudtillitsvald. Det vart vidare stilt spørsmål om korleis kandidatane er plukka ut. Rådmannen svarar at dei har sett på tilsette med leiarrolle i dag og tilsette i dei tre kommunane med tilsvarande oppgåver. Kandidatane har vore igjennom personlegdomstest og dybdeintervju, før 2 stk har gått til siste runde med intervju.

### **3) Økonomiplan 2019-2022**

Det skal utarbeidast ny økonomiplan for perioden 2019-2022.

Meland kommune har lite pengar, og bruker i dag mykje midler frå disposisjonsfondet. Det vil sei at vi har høgare aktivitet enn inntekter. Etter oppmoding frå Fellesnemnda har dei tre kommunane laga felles malar/reglar for økonomiplan/føring, noko som gjev nokre fordeler og nokre ulemper for Meland.

Folketalveksten er lågare enn budsjettet, noko som gjev lågare vektstiltot, samt innbyggjartilskot. Vi må levere så gode tenester som mogleg, innanfor dei rammene vi har tilgjengeleg.

### **4) Tariff 2018**

Årets tariffoppgjer er til uravstemming. Den totale ramma er på 2,8%.

Direkteplasserte stillingar i kap 4 får eit tillegg på 1,5%.

Det vert ikkje lokale forhandlingar hausten 2018.

Helgetillegget vert auka frå 01.01.2019.

Sentrale partar er samd om å setje ned fleire partssamasette utval som mellom anna skal sjå nærare på arbeidstid, pensjon og stillingskoder.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad  
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Anny Bastesen  
Arngunna Haga  
Britt Hilde Romarheim  
Camilla Smith-Strøm  
Eirik Bouwer Utne

**Kopi til:**

Guro Osnes

Hilde Brendehaug Hugaas

Meland

ungdomsskule

Hogne Brunborg

Irene Hystad Hugaas

Kari Anne Iversen

Kjell Ølnes

Magne Lædre

Martin W. Kulild

Per Inge Olsen

Randi Rotevatn Minde

Rolf Inge Fyllingsnes

Tord Moltumyr

**Mottakere:**

Adolf Hovgaard  
Anita Dale  
Berit M.Eskeland  
Erik Knag Johannesen  
Grete Wold  
Hilde Sæbdal  
Kristine Hordvik  
Lisbeth Øren Austgulen  
Marianne Bratshaug  
Merethe Tvedt